

Trøndelag fylkeskommune
Postboks 2560
7735 STEINKJER

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref: 18/00196-2	Vår dato: 31.08.2018
------------	-------------	---------------------	----------------------

Trøndelagsplanen 2018-2030. Høyringssvar frå Musea i Trøndelag

Generelt

Vi viser til høyringsutkast for Trøndelagsplanen for 2018-2030. Det framlagte plandokumentet er kort, og når det skal vise "...hvilken retning vi vil at Trøndelag skal utvikle seg...", så er det openbertyt at ikkje alt kan vere med. Vi forstår at plana er svært overordna, og at det på fleire område er utvikla (eller er under utvikling) eigne temaplaner, strategiar og handlingsprogram.

Dei tre innsatsområda blir synleggjort i ni prioriterte retningsmål, som blir tydeleggjort i nokre underpunkt. Desse underpunktta viser til ein viss grad til strategiar på tvers av innsatsområda og retningsmåla. Likevel synest vi at det fort blir ei "sektortenkning", med ein fare for at det kan bli bygd barrierar for samhandling på tvers. Vi skulle derfor ønske at det som innleiingsvis (figur side 4) blir nemnd som gjennomgåande tema, vart gjort enda meir tydeleg.

Vi legg merke til at ordet museum ikkje er nemnd i utkastet, heller ikkje historie og korleis vi kan bruke ho, sjølv om plana sin visjon er "Vi skaper historie". Det kan virke som ein forgløyming i ein region som nyleg har gjennomført ein av dei største og mest vellykka samanslåingsprosessane, og der det no er sett i gang aktivt samarbeid mellom dei fire museumseiningane Museene i Sør-Trøndelag, Museet Midt, Saemien Sijte og Stiklestad nasjonale kultursenter. Ikkje er dette berre store arbeidsplassar, men dei kan også spele ei rolle i fleire av dei ni retningsmåla.

Innsatsområdet "Bolyst og livskvalitet"

Vi meiner at kulturinstitusjonar (som t.d. museum) må med som viktige partnarar i arbeidet for livsglede, i læring (m.a. i eit livslangt perspektiv) og ikkje minst som føresetnad for å kunne ha aktive medborgarar i eit kulturelt mangfaldig Trøndelag. Medborgarskap blir utvikla gjennom aktiv deltaking, og der meiner vi at musea har særlege føresetnader for å vere både arena, aktør og



RØRORMUSEET

ROCKHEIM
DET NATIONALE MUSEET
FOR POPULÆRMUSIKK

Trondheim kunstmuseum



NORDENFJELDSKE
KUNSTINDUSTRI-
MUSEUM

SVERRES
BORG
TRØNDELAG FOLKEMUSEUM

Orkla
Industrimuseum



MUSEET
KYSTENS
ARV



Museene i Sør-Trøndelag AS, Felles Postmottak,
Postboks 6289 Torgarden, NO-7489 Tr.heim
Org.nr./VAT ID No. NO 993 595 675
E-post/E-mail post@mist.no
faktura@mist.no
Web..... www.mist.no

premissleverandør, og som få kan gjøre på same måten (jf. retningsmålet ”I 2030 skal god livskvalitet og mangfold kjennetegne Trøndelag”)

Det er bra at tilgjenge for alle blir nemnd i planen, og at det ikkje berre omtalar fysisk tilgjenge. Dette er i tråd med eksisterande lovverk og eit viktig mål for musea i regionen.

Det er problematisk at kulturarven som ressurs berre blir nemnd i samanhengen kulturbasert næringsliv. Kultur og kulturarv handlar ikkje berre om aktivitet og tilbod – like viktig er identitet, tilhørsle og forankring . Historia vi skal skape byggjer på historia som ligg bak oss.

Planen må også vise til den rolla musea har innanfor livskvalitet og mangfald, og som nemnd ovanfor – medvirke til aktive medborgarar gjennom deltaking.

Musea kan vere med å skape meirverdi innanfor læring/utdanning, helse, økonomi og næring. Det betyr at for musea vil det vere naturleg med samarbeid/medspelarar med heilt andre delar av regionen enn berre avdelingane for kultur (og ofte næring), som t.d. helse og oppvekst. Dette er også noko kommunane/fylkeskommunen må vere merksam på og bruke.

Om ein skal ta utspel som har komme i samband med regionreformen alvorleg, vil det vere eit ytterlegere behov for at fylkeskommunen tar museum og museumsutvikling med i sine langtidsplaner, noko som også vil krevje ei utvikling av eit større kompetansemiljø i regionen. Ei satsing på samisk språk og kultur er særsviktig. Men vi må ikkje gløyme at vi også har andre minoritetskulturar i regionen som må nemnast og løftast fram (jf. retningsmålet ”I 2030 er kunst og kultur en viktig drivkraft for samfunnsutvikling i Trøndelag”).

Innsatsområdet ”Kompetanse, verdiskaping og naturressurser”

Det er viktig at det ikkje blir tenkt for snevert når det gjeld utvikling av gode innovasjonsmiljø, men at ein er open for å sjå korleis kulturinstitusjonane (t.d. musea) og innovasjonsmiljøa kan styrke og utvikle kvarandre. Eit godt døme på det er ”maker”-rørla, som m.a. brukar museumssamlingane på heilt ny måte, som igjen kan vere med å fremme innovative miljø. Eit anna døme er matproduksjonen som i fleire områder knyter både profil og produkt tett opp til både naturarven og kulturarven i området.

Musea i Sør-Trøndelag ser fram til kommande planer og handlingsprogram for Trøndelag fylkeskommune.

Beste helsing

Nina Refseth
adm. dir